



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinnelag




Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Juni 1997

Bunad og hestablom høyre til i Mai



**Varhaug
Skulemusikkorps**

side 2

Innebandyturneringa:

**Høge kølle -
å balla i loftå**

mer på side 5



**Ein vårdag
på
Kviagarden**



side 9



Varhaug Skulemusikkorps

Varhaug skulemusikkorps blei stifta i 1959. Gjennom åra har både antall medlemmer og den musikalske kvalitet vore noko svingande. Ein reknar med at det på det meste har vore 56 medlemmer i korpset på ein gong, medan det no i 1997 er til saman 23 medlemmer, inkludert aspirantar.

Korpset har øvingar kvar måndag, i tillegg har dei fleste eigne timar med instruktør. Ein gong på hausten og ein gong om våren har vi eige helgeseminar med overnatting, mykje speling og mykje morro. I vår hadde vi seminaret på Vikeså skule i Bjerkreim.

Det dei fleste kanskje forbind med korpset, er speling på 17. mai. Imidlertid er det mange fleire speleoppdrag i løpet av eit år; til dømes Varhaug Marken, Jærstevnet, nattope, ymse juletil-stelningar og basar.

Årets høydepunkt er å reisa på korpstur eller stemne. Dette året skal vi på sommarfestival på Liseberg i Göteborg. Vi reiser då via Danmark, slik at bussturen ikkje vert så lang og at lommeboka ikkje vert så tung å drassa på i Sverige. Vi har vore på mange slike turar for både i inn- og utland, og vi veit det vil verta svært gildt dette året òg.

Vi treng stadig "påfyll" av nye delta-karar i korpset. Det er verkeleg kjekt å være med i korpset - og mottoet vårt er derfor:



"korps er goy!"

Dersom dette er noko du kunne tenka deg å være med på, og at du er over 9 år, ta gjerne kontakt med undertekna.

Kristian Lima - 51 43 10 84

Tor Selmer Olsen - 51 43 07 89

Internatet

Nå er det ikkje lenge att før INTERNATET er rehabilitert frå «topp til tå». Nå har det vore dugnad igjen, og denne gongen var det kontoret til dyrlækjarane og vevromet som fekk nye vindaugo. Ein effektiv gjeng med Anton Tjemsland i spissen ordna dette fort og greitt nokre laurdagstimar. Bondekvinnelaget sytte for at dugnadsgjengen slapp å gå svoltne heim til stedling. Nå står det att å få

vevromet panelt og tapsert. Ja, og så skal det verta litt betre orden på lys og varme. Når dette er gjort, er romet klart til nytt vevkurs til hausten.



«Sjefen for INTERNAT-styret» - Olav R. Husveg - ser til at gjengen gjer skikkeleg arbeid. Olav var forresten 50 år den 20. mai, og me som ferdast på Internatet vil her få gratulera med den store dagen, som vistnok vart feira over fleire dagar.

GRATULERAR OLAV!!



Til andre lag i bygda

I dette nummeret av Varhaug Buen har Varhaug Skulemusikkorps kome med litt av det dei er opptekne av. Er det andre lag som har noko dei vil "fortelja" bygda, så ta kontakt med ein av oss

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72



Kurs-aktiviteten

Kursa har nå «ferie», men eg håpar det vil verta like stor oppslutning om dei kursa som vert sett opp til hausten, som det har vore med vårkurs. Kva kurs som vil verta til hausten er ikkje bestemt endå. Men eg tek det som sjølv sagt at det vert både vevkurs og bunadskurs. Og så trur eg og



me vil prova å få til eit nytt kurs i omsying av bunad. Eller kanskje ein skulle venta med det kurset til våren, i tilfelle bunaden skulle krypa meir mens den heng i skapet over vinteren?. Er det kurs de meiner det kan vera interesse for, ta kontakt med Liv på tlf. 51 43 03 93.



Bileta syner noko av det som er laga på eit av vevkursa



«Oss mennesker i mellom»

Me er 9 stk som har kome saman i studiering om dette emnet. Me har nå teke ferie, men vil fortsetja til hausten. Dette er både eit gildt og lærerikt emne. Er det nokon som vil vera med i studiering til hausten, så ta kontakt med Liv på tlf. 51 43 03 93, så vil ho bestilla dei bøkene som trengs. Dette gjeld både «Oss mennesker i mellom», og andre emne.

Valkomiteen

I september skal både bondelag og bondekvinnelag ha årsmøte, og som oftast vert det ein del endringar i styret.

Utover sommaren vil valnemnda i begge laga koma rundt til medlemmane for å finna dei folka dei treng. Vær greie og ta vel i mot desse. Valnemnda har dei sjølv valgt på dykkar årsmøte, og dei prøvar kun å gjera ein jobb for laget. Det er ikkje alltid at den jobben er like gild, så difor vil me her oppmoda medlemmane om å vera JA-folk.

Basaren

Bondekvinnelaget har i mange år nå hatt basar i september, men i år vil me prova noko nytt. Basaren er difor flytta til august, og vert på Eldresenteret lør- dag 30. august kl. 13.00.

Me håpar mange vil finna veien til Eldresenteret denne ettermiddagen.

Varhaugmarken

Varhaugmarken står for dora, og då vil bondekvinnelaget vera med som vanleg. I tillegg til det som skjer i «bonde-teltet» vert det og utstilling av bruks-kunst.

I fjor var me så heldige at me fekk låna «Rakel-huset.» Men som vel dei fleste har fått med seg, har nå Diamond House flytta inn dit. Ikkje fortvil, det vert utstilling i år og. Me har nemleg fått lov til å vera i gangen i 1. etasje på Rådhuset. Og det passar jo godt, for så kan dei som kjem slå to fluer i ein smekk; bygde-museet i kjellaren har og opne!

Sjølv om me i år ikkje held til i hoved-gata, håpar me likevel at folk vil finna fram til utstillinga. Den vil heilt sikkert verta like fin som den i fjor, og sikkert med litt nye ting i tillegg.

joker
De smarte sparer tid og penger!

Auestad A/s

4360 VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36



Midtsommersprell '97

Når sæterjenta byrjer å bli moyr i knea å bonden set spaå i jordå, då begynner Varhaug BU å tenka på Midtsommersprell '97.

Vi satser på å gjenta fjorårets suksess å klemmer nog en gang til med fylkesleir på Skrettingland, Varhaug hos Jonas og Alfild Lea 28.-29 Juni

I år igjen satser vi på å legge oss på et 1 dags arrangement. Leiråpningen vil være kl. 14.00 lørdag den 28 Juni og dansen starter kl. 20.00. Under arrangementet vil vi kjøre en del aktiviteter. Vi kan f.eks nevne swingkonkurranse, musikk-konkurranse, kvinnebæring og



dialekttevløing (ny av året!) Til årets dans har vi ingen ringere enn JETSET til å spille.

Som en selvfølge vil det bli rikelig med plass til overnatting på leirområdet, og det vil også være muligheter til å få kjøpt seg forkost på søndagen.

Prisen for denne beskjedne herligheten er:

Dans kr. 100,- medlemmer

Dans kr. 130,- ikke medlemmer

Dans m/overnatting kr. 175,-

Når alt dette er sagt håper vi at dere setter av denne helgen til et forhåpentligvis enestående Midtsommersprell.

Varhaug BU



Gilde Agro Felleslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE

ODLAND & S

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning

WALDELAND & DUBLAND A.S

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug
Alt i mur - puss - fliser

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22



- fagkunnskap gir trygghet.



Innebandyturnering på Varhaug 15. Mars

Høge kølle å balla i loftå

Igjen var det duka for den store innebandyturneringå på Varhaug. Ikkje adle klarde å kava sæg opp, av dei 22 lagå så var påmelde møtte 16 lag opp.

Med opplada kølle sette spælarane igang turneringå kl. 9.00 om morgonen. Lagå spælte først innledande runder i puljer på 4 lag. Puljevinnaren gjekk vidare te semifinalen og deretter til eventuell finale eller bronsefinale.

Kampane bar preg av alvorets stund der adle ofra alt i harde taklinger i raid for å senkja motstanderen.

På jentesia var der au møje fighting, men dæ va Nærbø så trekte dæ lengsta stræe mæ å knusa Gjesdal i finalen. Hjø guttane var dæ Bjerkreim og Varhaug som kom te finalen. Itte fyste omgang var stillinga 2-2. Men Bjerkreim reiste ifrå Varhaug i andre omgang. Og blei dermed eigara av vandrepokalen



Morgan Hobberstad, Solve Bratland og Johan Varhaug forsvarte et av Varhaug sine lag. Motstander her er Bjerkreim

neste årsturnering. Så får me prøva å ta di då. Håper adle var fornødde mæ dagen å he lyst te å koma igjen neste år. Me ser!!

hb

Under: Her har vi vinnerlaget at innebandyturneringer i år: Bjerkreim



etter å ha vunne turneringå 3 gonger. Dæ va rett og slett kondissen dæ sto på. Dette finns der bare enn forklaring på å dæ æ den tynna loftå di Bjerkreim leve i. Derfor held dei lenger ut når dei kjem ner her på låglandet. Me i Varhaug vurdere alle-redde nå et høydeopphold på Vigesa for





BYGGMESTER

Jon Harald Håland a.s

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
 Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
 Privat 51 43 05 03



Hjelp!

«Rogaland Bygdeungdomsslag he skroytt på seg at dei ska vær dæ stystta fylkeslaget på landsstemne i årmæ 320 rogalendinga på plass.»

Dette utsagnet kom i posten her forleden te styre. Her æ dæ bara å hiva seg på å leggja ferien te uge 30, nærmare bestemt 22-27 juli. For dei så ennå ikkje vett kor di ska reisa så æ leiren på Ås, andra siå av fjorden (Oslo).

Kæffor reisa te Ås på landsstemne:

- feri å fint i vere
- Dans kvær kveld, 5 dage te endes, mæ blant aen Hellbellis og Nottoden bluesband
- Utallige tevlinger av både folk å fe
- Den sosiale delen.....
- Campingtur
- Felles avreise for den som vil
- møje odelsjenter og odelsgutar
- Meir info kjæme i Rbu-informem



BYGGMESTER / AUT. ENTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug

Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70

Mobil 964 15 499

Båt-fest



14. juni

Summarsnatta den 14. juni er det duka hogtid. Då blir dæ dans på boljan blaa!! Finnøy og Rennesøy B.U. har gått isaman og leid et cruiseskip. Oppleggje æ at me tæge ut på fjorden kl. 20.30 ifrå fiskepiren i Stavanger. Så ede me ræga ei stonn før «Goggen» spæle opp. Då danse me te timane blir smæ. Dette må bara varta en av dei styste festane iår.

Påmelding og meir detalja skjer via telefon te:

Nina tlf 51712857

innan 10.juni

(18. års aldersgrense!)

Pris: 270,-

**Vær raskt ute for der æ kun 200
biletta utlagt.**

Opprett BSU hos oss nå,

og vi kan gi deg

90% lån til 60% pris

til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

Best når det gjelder



Marken

Svala 4H vil vera på Marken med stand i år og.

I år som i fjor vil me ha ballkast og sal av lappar.

Nytt av året er at me vil selja god, gammaldags, heimelaga bombom. Me reknar med at det vert stor etterspurnad etter bombomen, så me oppmodar folk til å vera tidleg ute for å sikra seg «knas-

ket». Lageret er begrensa.

Vel møtt til Svalastanden.

Elles er me i gang med å planleggja grillturen, junior- og aspirantleiren til Møgedalen er markenshelga og me skal ha plastinnsamling i slutten av mai.

Alt dette og meir til, kjem me attende til i neste nummer av Varhaug BUen.

Hå-Cup i Volleyball

Lørdag 19. april arrangerte me Hå-cup i volleyball i Varhaughallen. Dette er ei turnering for 4H-klubbane i Hå.

Diverre var det litt få lag som var påmelde i år, berre fire seniorlag og tre juniorlag.

Då turneringa starta klokka ni om morgonen, viste det seg at eitt av juniorlaga ikkje møtte. Me måtte olstra litt med dette, men etter kvart gjekk kampane sin gang.

Etter mange jamne og spanande kampar utetter føremiddagen, sto til slutt Sjøglimt att som vinnar av seniorklassen, medan Svala vann juniorklassen.

Mads Henning, Heine og Roger var med og planla og gjennomførte turneringa som ein del av 4H-oppgåva deira dette året.

Først på Jæren !

Du kan nå få utført dine banktjenester også på internett



Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernaland
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME SPAREBANK

VARHAUG HUD- OG FOTTERAPI

v/Heidi Dubland

- * Hudpleie
- * Fotpleie
- * Hårfjerning
- * Vortebehandling
- * Farge vippe/bryn
- * AHA/Fruktsyre-behandling
- * Kunstnegler
- * Make-up

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)




Svala 4H



Loddsal

Tirsdag 4. mars hadde me det årlege loddsalet. I år var det juniorane og seniorane som skulle selja lodda.

Rutene vart laga og fordelte, dei fleste møtte, veret var surt og kaldt, pågangsmotet var stort og pølsene varme.



Tor Helge og Reidar pustar ut med pølser og saft etter loddsalet

Jan Ove, Anne Wenche og Heine har selt lodd

Loddsalet gjekk over all forventning. Alle lodda vart selde, og det lenge før alle husstandar hadde fått besøk. Takk til alle dykk som tok vel i mot loddseljarane og på denne måten støtta laget vårt. Me skal prøva å nå alle neste år.

Steinar og Anita organiserte det heile i år på beste måte.

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG



**Jæren
NATURTERAPI**

Gjertrud Hobberstad

Naturterapeut MNNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalandsv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36

HÅBYGG a.s

Jenbaneveien, 4350 Nærbø

Tlf. 51 43 32 84 * Telefax 51 43 22 02

Dublundsveien 37, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87

R. SKRETTING A/s

**KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT**

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTING A/s

**KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT**



Vårdag på Jærmuseet/ Kviagarden

Søndag 27. april var me med på Vårdagen. Svala si oppgave var å førebu og hjelpe til med å spikra fuglekassar. Me hadde kapp opp fjøler til ein god del fuglekassar for meis. Alle som ville, kunne spikra saman sin eigen fuglekasse.

Frammøtet på Vårdagen var ikkje så stort, men me fekk spikra nokre kassar allikevel.

Takk til hjelparane, Kjell som saga og Reidar som «spikra».



Solveig og Anita har vore på kurs i plakatt-teikning



Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug



STATOIL SERVICE, VARHAUG
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 03 15



**DAGROS – EIN SANN
DRIVSTOFFLEVERANDØR**

Mjolk dekkjer alle grunnleggjande behov kroppen har for energi – og for tømring og oppbygging av celler og ves. Som næringsmiddel er mjolk eit av dei mest fullverdige ti har.

Barna i Rogaland drikk mest skulemjolk i heile Noreg. Hald fram med det! Ei sunt kosthald er nødvendig for god læring og vekst.



EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL BYGG AS
SKRETTING &
INGEBRETHSEN

Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

Tradisjon i solid håndverk



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23

Jordvern i fokus

Denne uttalen vart vedteken av årsmøtet:

Rogaland bondelag meiner det er umoralsk å leggja den beste jorda under asfalt og betong. Behovet for matproduksjon i verda er sterkt stigande, og sjølv har vi berre rundt 50% sjølvdekning på energibasis. Å byggje ned jord for å spare pengar er å stela frå komande generasjonar.

Etter nokre år med mindre press på jordbruksarealet, viser situasjonen i dag eit klart behov for ny innsats for jordvernet. Rogaland Bondelag og lokallaga kan ikkje berre sjå på at noko av den beste jordbruksjorda i landet vert bygd ned for å få plass til 60000 nye innbyggjarar i jærregionen dei komande 20 åra. Tettstadane utover Jæren og andre stader er 4-dobla på nokre få tiår. Stort press er det og i andre deler av fylket. For nødvendig utbygging i fylket, har vi alle stader alternative område.

Rogaland Bondelag vil sterkt presisera at plikta til ei langsiktig forvaltning av produksjonsareala våre må koma sterkare fram. Utviklinga har vist at dei kortsiktige politiske og økonomiske vurderingar i for stor grad har vunne i jord-vernkampen. Spørsmålet er om det er politisk vilje til å styra utbygginga ut frå langsiktige og jordbruksfaglige element der også kulturlandskapsbiletet vert trekt inn.

Jæren og Haugesundsområdet er kvar for seg felles bustad og arbeidsområder. Samarbeid på tvers av kommunegrensene må til også på dette området.



JÆRBETONG A.S

Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 43 37 77

Fax 51 43 40 87

VI LEVERER:

**Ferdigbetong
Betongpumping
Betongpeler**





Årsmøtet i Rogaland Bondelag

Leiar Ove Ommundsen kom med kraftig kritikk mot våre lokalpolitikarar for deira slappe haldning til jordvern og utbyggingspolitikk, framsyn mangla meinte han. Han skremte med faren for kommunesamanslåing.

Han uttrykte glede for departementets handtering av spreicarealsaka, der faglege råd frabl. a. Rogaland vann fram.

Elles hadde situasjonen i sauchaldet med skrapesjuke og dermed svekka økonomi, prega arbeidsåret.

Nestleiar i Norges Bondelag, Gunnar Dalen, heldt foredrag over emnet «Kva landbruk ønskjer me framover».

Årsmøtet sette opp denne planen for -97/-98:

1. Sikra politisk vilje til å ha eit sterkt landbruk i Norge.
2. Fremja ei bærekraftig samfunns-



Styremedlemmar og ansatte får påskjønnelse som takk for innsatsen i året som har gått

utvikling som sikrar mat, miljø og levande bygder.

3. Styrkja tilliten til norsk matproduksjon.

4. Leggja tilhøva til rette for å auka medlemstalet ved ein aktiv og utadretta organisasjon.

Etter litt dramatikk vart Myrthle Grødem attvald, mot valkomitens instilling, til nestleiar. Svein Ståle Kolsto (Karmøy) vart einaste nye styremedlem. Leiaren vart attvald.

17. Mai



Bondelaget og Bondekvinnelaget vil takka alle som møtte fram og gjekk under fana vår i folketoget 17. mai

Bohus

STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77



Varhaug

Handelslag



Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjeden 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneklag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Roy Arnfinn Håland
Tlf: 51 42 46 34

Hege Kvía

Tlf: 51 43 07 00

Svala 4H

Jon Flåten
Tlf: 51 43 08 38

Varhaug Bondelag

Helga Bøhn Skrettingland
Tlf: 51 43 06 27

Geir Egil Ånestad

Tlf: 51 43 05 74

Varhaug Bondekvinneklag

Liv Høbberstad
51 43 03 93

Chonstance Håland

Tlf: 51 43 02 68

Internatet:

51 43 78 20

Stofffrist:

27. August 1997

Til nr. 3

Bladet kjem ut uke 38

Lura Trykkeri a.s

Kva skjer?

Varhaug BU:

Juni

- Varhaugmarken:
kubingo, kvinnebæring, swing,
ponny

Juli

22-27 Landsstevne ÅS

Varhaug Bondelag:

Juni

- Varhaugmarken

September

23 Årsmøte, Banksalen

- Dyrskeue på Seljord

Varhaug Bondekvinneklag:

August

30 Basar, eldresenteret, kl. 13.00

September

25 Årsmøte, eldresenteret,
kl. 19.30

Svala 4H:

Juni

3 Senior/Juniormøte
5 Aspirantmøte
6-7 Varhaug-Marken
6-8 Junior/aspirantleir Møgedal
23 Jonsok på 4H-garden
26-29 Fylkesleir

Juli

18-25 Nordiskleir - Sverige

August

1-3 Fottur senior
21 Krabbetur til Bodle

September

2 Senior/Juniormøte
4 Aspirantmøte
5-7 Swing og volleyballkurs på
Vigre



N • A • R • F

NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG

Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28

Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG